



Lindås VVS N.T. AS  
Pb. 42  
5951 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/5174 - 15/6818

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
24.03.2015

## Utsleppsløyve for 2 hytter - gbnr 89/19 og 89/29 Haugsmyra.

**Administrativt vedtak. Saknr: 101/15**

**Tiltakshavar:** Jan B. Methlie Herland  
**Ansvarleg søker:** Lindås VVS NT AS  
**Type utslepp :** Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe  
**Søknadstype:** Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for to eksisterande hytter på gbnr 89/19 og 89/29. Avlaupet skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac FD 10 N med godkjend etterpolering før det vert ført vidare til bekk med heilårs vassføring.

Storleiken til utsleppet er oppgitt til 10 pe.

Det vert vist til søknad mottatt 10.12.2014, supplert 19.03.2015.

#### Planstatus

Eigedomane gbnr 89/19 og 89/29 ligg i område som i Kommuneplan 2003 er avsett til byggeområde for fritidsbustadar. Delar av anlegget vert lagt over område som er sett av til LNF-føremål. Tiltaket er såleis avhengig av dispensasjon for å kunne godkjennast.

Det er gitt dispensasjon i samband med handsaming av søknaden om løyve til tiltak etter pbl § 20-1, jf vedtak datert 24.03.2015.

#### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader.



### **Plassering**

Plassering og utsleppsstad er vist i kart i målestokk 1:1000 journalført 19.03.2015, jf. forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 d.

### **Reinseløysing**

Det skal nyttast biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac FD 10 N. Anlegget tilfredsstillar NS EN-12566-3. Omsøkte reinseløysing stettar krav til utsleppsstad i følsamt/normalt område med brukarinteresser.

### **Privatrettslege tilhøve**

Tiltaket skal plasserast delvis på eigedomen gbnr 89/6. Det ligg føre tinglyst avtale med rett til plassering av leidningar og å føra avlaupsvatnet til bekk på gbnr 89/6 datert 21.02.2015.

### **Drift og vedlikehald**

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar inngår serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 c. Dokumentert serviceavtale gjeld fleire eigedomar enn dei omsøkte og er ikkje signert av eigar av eigedomane som anlegget skal tena.

### **Vurdering etter naturmangfaldlova**

Kommunen har vurdert prinsippa i § 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen finn at tiltaket ikkje vil koma i konflikt med naturmangfaldslova.

### **VURDERING**

Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen sin vurdering godkjennast slik den ligg føre på vilkår av at det vert dokumentert oppdatert serviceavtale før det vert gjeve mellombels bruksløyve/ferdigattest for tiltaket.

Dersom det på eit seinare tidspunkt er aktuelt å føra avlaupet frå reinseanlegget til sjø, jf grunneigarerklæring, vil dette krevja søknad om endring av løyve.

### **Godkjenning etter anna lovverk**

Det er søkt om og gitt løyve til etablering av avlaupsanlegget etter plan- og bygningslova § 20-1, jf eige vedtak datert 24.03.2015.

### **VEDTAK:**

**Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for 2 hytter i samsvar med søknad mottatt 10.12.2014, supplert 19.03.2015, og på følgjande vilkår:**

1. Avlaupet skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg med etterpolering før avlaupet vert ført til bekk med heilårs vassføring.
2. Anlegget skal plasserast slik vist på kart journalført 19.03.2015.
3. Reinseanlegget skal plasserast slik at det kan vedlikehaldast og driftast av godkjend føretak. Det skal dokumenterast oppdatert serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget før det vert gjeve mellombels bruksløyve eller ferdigattest for tiltaket.
4. Egedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Ansvar**

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneberer ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

### **Bortfall av løyve**

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyvet er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

### **Ferdigstilling**

Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melda frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det senast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.

Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmålast og koordinatar skal sendast kommunen, seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest. Anlegget eller nokon del av det kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.

### Tilsyn, endring og opphør av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunne omfatta kontroll av anlegget si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheva eller endra vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

### GEBYR

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
17.2.3	Utslepp < 50 pe	1	Kr 5 300,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 5 300,-

### Klage over gebyr

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klaga over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vera grunngjeven.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/5174

Med helsing

Tor Hegle  
einingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

Jan Herland

Granlien 48

5105

EIDSVÅG I ÅSANE

### Mottakarar:

Lindås VVS N.T. AS

Pb. 42

5951

LINDÅS

